



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

## Møteprotokoll for

### Askvoll sokneråd

**Tid:** 27.11.2024 kl. 17:30-20:20

**Stad:** ASKVOLL, Møterom kyrkjekontoret

#### Møtande medlemmer og varamedlemmer:

Wenche Ness Gabrielsen	Leiar
Terje Mork	Nestleiar
Lillian Gjervik	Medlem
Frida Melvær	Medlem
Tommy Erdal	Medlem
Synnøve Melvær	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Oddgun Grane	Medlem
Astri Thorsen Landøy	Varamedlem (til sakene 33-35 og 37)

#### Forfall:

Arnt Johny Langeland	Medlem
Jostein Gryte	Medlem
Dag Erlend Grane	Medlem
Gro Eikebø Stang	Medlem

#### Møtande frå administrasjonen og andre møtande:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
Sabina Baylarbayova	Kantor (til sak SR 2024/37)

#### Saker handsama på møtet:

Saksnr	§	Sakstittel	Sakshandsamar
SR 2024/33		Godkjenning av innkalling og dagsorden	Rune Ziener
SR 2024/34		Godkjenning av protokoll frå møte 07.10.2024	Rune Ziener
SR 2024/35		Skriv, meldingar og drøftingar	Rune Ziener
FR 2024/36		Budsjettjustering 2024	Rune Ziener
SR 2024/37		Lokal plan for kyrkjemusikk	Rune Ziener
SR 2024/38		Høyring om rammer for kyrkjevalet	Rune Ziener
SR 2024/39		Offerliste første halvår 2025	Rune Ziener
SR 2024/40		Val av leiar og nestleiar for 2025	Rune Ziener

Askvoll, den 27.11.2024

Rune Ziener

Referent

## **SR 2024/33            Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

## **SR 2024/34            Godkjenning av protokollen frå møte 07.10.2024**

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 07.10.2024.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 07.10.2024.

## **SR 2024/35            Skriv, meldingar og drøftingar**

### **UTGREIING**

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 24/2024	Interimstyret for stillingssamarbeid: <i>Referat frå møte 29.10.2024</i>
M 25/2024	Utsett prosjektoppstart for orgelet i Holmedal kyrkje
M 26/2024	Vilnes parkering – status
M 27/2024	Musikkdiakoniprojektet – evt. Forlenging
M 28/2024	Kyrkjelydsutvalet i Askvoll. <i>Referat frå møte 20.11.2024</i>
M 29/2024	Kyrkjelydsutvalet i Holmedal. <i>Referat frå møte 25.11.2024</i>
M 30/2024	Budsjett 2025

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering, men med tilføyning om at kyrkjevjerja utarbeider snarast eit forslag til skriv til Askvoll kommune til M-sak 30, som vert endeleg handsama pr. e-post.

## UTGREIING

Ulike forhold gjer det nødvendig å justere driftsbudsjettet for 2024.

Gjennom året har ein hatt relativt store driftsinntekter ein ikkje kunne forutsjå ved årets begynnelse. I og med at fleire langtidssjukmeldingar har vart ut over hausten har mykje av desse inntektene komt seint på året, og har såleis ikkje vore mogleg å innarbeide tidleg i rekneskapsåret.

I svært liten grad har ein nytta sjukelønnsrefusjonen til å lønne vikarar då det i praksis er svært vanskeleg å få til hensiktsmessige vikarløysingar i kyrkjeadministrasjonen.

Pr. november 2024 har ein totalt om lag kr 235.000,- i meirinntekter på sjukelønn samanlikna med budsjettet.

**Forslag til bruk:**

- a) *Utskifting av varmestyringssystemet til Askvoll kyrkje*  
Tiltaket ligg inne i førebels VU-plan 2025 med kr 70.000,-. Dette er eit beløp med utgangspunkt i eit tilbod frå januar månad, og systemet vil verte dyrare. Eit oppjustert anslag vil ligge på om lag kr 95.000,-.  
Kyrkjeverja arbeider for tida med innhenting av alternativt tilbod.  
Utskiftinga er eitt av tiltaka som krev auka kommunal løyving som omsøkt for 2025. Dette bør ein ta i 2024 om det er økonomisk rom for det.  
Utgift: kr 95.000,-
- b) *Vurdering av tre ved Holmedal kyrkje*  
Dette ligg og som tiltak i VU-planen 2025. Ein bør ta dette i 2024 om det er økonomisk rom for det.  
Utgift: kr 5.000,-
- c) *Oppgraderingar datautstyr*  
Med omlegging til Den norske kyrkja sine fellesløysingar er noko datautstyr utrangert ift. dagens krav.  
Utgift: kr 6.000,-
- d) *Tenestekjøp – risikovurdering ved bedriftshelsetenesta*  
Tilleggsteneste frå Avonova. HMS-krav.  
Utgift: kr 12.000,-
- e) *Destruksjon gamle (tilsidesette) gravminne*  
Dette tiltaket har ligge inne i fleire tidlegare VU-planar, men har av ulike grunnar ikkje blitt utført.  
Ein bør prøve å ta det no.  
Utgift: kr 10.000,-

f) *Uforutsett vedlikehald*

Det er nokre uløyste vedlikehaldsoppgåver pr. i dag som ein no bør ta, om det er økonomisk rom for det, og ein rekk det innanfor inneverande rekneskapsår.

Utgift: kr 20.000,-

g) *Oppdekking for mindre festeinntekt enn budsjettert*

Pr. no. Ligg det an til mindre festeinntekt enn budsjettert i rekneskapsåret.

Mindreinntekt: kr 50.000,-

h) *Avsetning til disposisjonsfond*

Restmidlar vert sett i disposisjonsfondet.

Utgift kr 35.000,-

**Oppsett justeringsforslag drift:**

<b>Meirinntekter</b>		
37100.200.04100.000	Sjukelønn (adm)	-190000
37100.200.04300.000	Sjukelønn (gravplass)	-45000
<u>SUM</u>		<u>-235000</u>
<b>Meirutgifter/mindreinntekter</b>		
31950.200.04100.000	Risikovurdering	12000
32000.200.04100.000	Datautstyr kyrkjekontoret	8000
32000.200.04200.000	Varmestyring	95000
32300.200.04200.000	Vurdering tre	5000
32300.200.04200.000	Uforutsett vedlikehald	20000
32300.200.04300.000	Destruksjon gravminne	10000
36301.200.04300.000	Festeavgift	50000
35400.200.08900.000	Disposisjonsfond	35000
<u>SUM</u>		<u>235000</u>
<i>DIFFERANSE</i>		<i>0</i>

*2. Tilleggspunkt lagt fram i møtet om justering i investeringsbudsjettet.*

Prosjekt 1005 - Parkeringsplass Vilnes vert ikkje belasta i 2024 som forutsett. Ein bør nedbudsjettere dette, og føre det opp på nytt i budsjettvedtak for 2025.

Justeringsforslag:

<b>Mindreinntekter</b>		
48300.200.04200.000.1005	Tilskot frå kommunen	200000
37100.200.04300.000.1005	MVA	50000
<u>SUM</u>		<u>250000</u>
<b>Mindreutgifter</b>		
42300.200.04200.000.1005	Byggeteneste, nybygg etc.	-200000
44290.200.04200.000.1005	MVA	-50000
<u>SUM</u>		<u>-250000</u>
<i>DIFFERANSE</i>		<i>0</i>

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek justeringar i driftsbudsjettet 2024 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd vedtek justeringar i investeringsbudsjettet 2024 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek justeringar i driftsbudsjettet 2024 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd vedtek justeringar i investeringsbudsjettet 2024 i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

## UTGREIING

Askvoll sokneråd sitt kyrkjemusikkutval har i haust arbeidd med lokal plan for kyrkjemusikk i Askvoll. Til no har ein hatt fem møte, og ein er ferdig med planforslaget.

Det er ingen særskilt mal for ein slik plan, og ein står såleis fritt til utforming av planen.

Planoppsettet har slik struktur:

### *Del 1: Generell del*

Den generelle delen seier noko om musikken sin plass i kyrkja, beskriver dagens situasjon for kyrkjemusikken i Askvoll, og ikkje minst har ein formulert ein lokal visjons for kyrkjemusikken lokalt – *Kor vil vi?*

### *Del 2: Verksemdsplan*

Verksemdsplanen er tenkt å «stå fast» som ramme frå år til år, og beskriver både delmål, tiltaksforslag og ressursbehov for 7 innsatsområde.

### *Del 3: Aktivitets- og tiltaksark*

Denne delen er tenkt å fastsetjast årleg eller halvårleg, og gir ein konkret gjennomføringsplan for dei enkelte tiltak under kvar hovudoverskrift, og denne delen fungerer såleis som eit reelt styringsdokument.

I likhet med trusopplæringsplanen vil også kyrkjemusikkplanen truleg vere noko meir ambisiøs enn det er rom for når det kjem til praktisk gjennomføring.

Såleis utgjer den eit slags ideal vi må arbeide opp mot og i størst mogleg grad realisere.

### *Saksgang og mynde*

Kyrkjemusikkutvalet arbeider på oppdrag frå soknerådet, og det er rådet sjølv som skal vedta slik plan som sin plan.

Gjennom arbeidsåret vil det alltid vere trong for å gjere justeringar og tilpassingar av praktisk art. Utvalet legg såleis til grunn at tilpassingar og justeringar av ikkje-prinsipiell karakter vil ligge innanfor det naturlege handlingsrommet til kyrkjemusikar, stab og kyrkjemusikkutval.

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek kyrkjemusikkutvalet sitt forslag til lokal plan for kyrkjemusikkplan slik den ligg føre.

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek kyrkjemusikkutvalet sitt forslag til lokal plan for kyrkjemusikkplan slik den ligg føre.

## UTGREIING

Det pågår no ei høyring om forslag til endra rammer og reglar for kyrkjevalet.

Kyrkerådet meiner det er nødvendig å gjere endringar i regelverket, noko som også vil innebere forenkla gjennomføring og reduksjon i ressursbruk. Ei evaluering av kyrkjevalet 2023 viser at trass betydelege ressursar som er lagt ned for gjennomføringa av valet, går framleis valdeltakinga ned frå kyrkjevalet 2015.

Ein legg opp til at Kyrkemøtet handsamar høyringa i 2025, mens regelendringane vert vedteke i 2026.

Eit utval sokneråd/kyrkjelege fellesråd, herunder Askvoll sokneråd, har fått høyringa direkte, men alle kan avgi høyringssvar.

Høyringsfrist er sett til **6. desember**.

Det vert ikkje føreteke drøftingar i utgreiinga her, men det vert generelt vist til drøftingane som går fram av høyringsnotatet (sjå lenkje):

<https://www.kirken.no/globalassets/h%C3%B8ringsnotat%20om%20rammer%20for%20kirkevalget.pdf>

### **Oppsummering av Kirkerådets forslag**

- 1. Kirkevalget gjennomføres som digitalt valg med begrensede muligheter til å stemme ved oppmøte (modell 2)*
- 2. Kirkevalget 2027 vurderes gjennomført i et annet tidsrom enn det offentlige valget i 2027. 3. Valget av Kirkemøtet gjennomføres med utgangspunkt i selvstendige lister. Dagens ordning med Nominasjonskomiteens liste i dette valget avvikles. Hvis det ikke godkjennes noen listeforslag, nedsettes det en nominasjonskomité som får i oppgave å fremme en valgliste.*
- 4. Kirkerådet går inn for å videreføre ordningen med direkte valg til Kirkemøtet og bispedømmeråd.*
- 5. Kirkemøtet går inn for å gjøre følgende forenklinger i regelverket:*
  - a. Muligheten til å stemme på personer som ikke har stilt til valg (tilføyde navn) ved menighetsrådsvalget, avvikles.*

- b. Sperregrensen på fem prosent ved menighetsrådsvalg opprettholdes.*
- c. Ordningen med supplerte kandidater ved menighetsrådsvalg forenkles.*
- d. Forholdsvalg (valg med flere lister) ved menighetsrådsvalg opprettholdes.*
- 6. Ordningen med særskilt representasjon av prester i Kirkemøtet opprettholdes. Valget gjennomføres som flertallsvalg.*
- 7. Ordningen med særskilt representasjon av andre kirkelig ansatte i Kirkemøtet opprettholdes. Valget gjennomføres som flertallsvalg.*
- 8. Det innføres en vektet representasjon som velges av kirkemedlemmene fra hvert bispedømme i Kirkemøtet.*
- 9. Det som i dagens ordning heter valg til bispedømmeråd og Kirkemøtet blir fra nå omtalt som valg til Kirkemøtet og bispedømmeråd.*

Kyrkjeverja har følgjande forslag som Askvoll sokneråd sitt høyringssvar (blå tekst = svarforslag):

## Om innsenderen av høyringssvaret

### 1. Jeg svarer som: \*

- Menighetsråd
- Menighetsråd med fellesrådsfunksjoner
- Fellesråd
- Bispedømmeråd
- Biskop
- Utdanningsinstitusjon
- Nomineringsgruppe
- Fagforening
- Organisasjon
- Privatperson
- Annet

### 2. Navn (råd/organisasjon/privatperson) \*

Askvoll sokneråd



**3. Kontaktperson (hvis innsender er råd eller organisasjon)**

Rune Ziener

**4. Bispedømmetilhørighet \***

Agder og Telemark

Bjørgvin

Borg

Hamar

Møre

Nidaros

Nord-Hålogaland

Oslo

Stavanger

Sør-Hålogaland

Tunsberg

Ingen bispedømmetilknøyting

Digitalt valg eller digitalt og fysisk valg?

**5. Kirkerådet foreslår at kirkevalget gjennomføres som digitalt valg med begrensede muligheter til å stemme ved oppmøte (modell 2). Støtter du/dere dette? \***

Ja, jeg/vi ønsker at kirkevalget gjennomføres digitalt med begrensede muligheter for å stemme ved oppmøte (modell 2).

Nei, jeg/vi ønsker at kirkevalget gjennomføres heldigitalt (modell 1).

Nei, jeg/vi ønsker at kirkevalget gjennomføres med digital forhåndsstemming og valgdag med fysisk stemmegiving (modell 3).

Ingen mening / ønsker ikke svare

## 6. Begrunnelse og andre merknader

Primærstandpunktet vårt er heildigital valgjennomføring ut frå omsynet til ressursbruk, noko som ikkje står i forhold til effekten i form av tilfredsstillande valdeltaking.

Likevel bør det vere ei opning for å stemme med oppmøte for dei som ikkje har høve til å stemme digitalt. Ikkje nødvendigvis med papirstemmegeving, men t.d. ved assistert digital stemmegjeving på eit kyrkjekontor.

## Tidspunkt for kirkevalget

### 7. Kirkevalget i 2027 vurderes gjennomført i et annet tidsrom enn det offentlige valget. Hvilken tidsperiode vurderer du/dere som den beste for gjennomføring av kirkevalget 2027?

August–september 2027

Oktober–november 2027

Vet ikke

Ingen mening

### 8. Begrunnelse og andre merknader. Kom gjerne med innspill til praktiske konsekvenser av å gjennomføre valget i de ulike tidsperiodene.

September kjem svært tidleg i «arbeidsåret» etter sommaren, og det har vist seg krevjande å overhalde knappe tidsfrister knytt til kyrkjevalet frå august og fram mot valtinget, særleg då dette ofte er samanfallande i tid med oppstart av andre aktiviteter i verksemda.

Om valet vert gjennomført med stemmegjevingsperiode første halvdel av oktober, vil det heilt greitt la seg gjennomføre med konstituerande møte i påtroppande råd innan utgangen av oktober.

### 9. Kirkerådet ber samtidig om synspunkter fra høringsinstansene på om det etterfølgende kirkevalget (kirkevalget 2031) bør flyttes til et annet tidspunkt enn det offentlige valget eller eventuelt til et annet år. Har du/dere merknader til dette?

Valåret bør vere samanfallande med dei andre offentlege vala, då ein kan nyttegjere seg av noko «drahjelp» herfrå for å skape merksemd om valet – då folk gjerne kjem i «valmodus».

Å flytte kyrkjevalet til eit anna år vil krevje større innsats for å skape merksemd rundt kyrkjevalet, noko som og kan utløyse ekstra ressursbehov óg for dei lokale valstyra.

## Ordning for valg til bispedømmeråd og Kirkemøtet

**10. Kirkerådet foreslår å avvikle ordningen med Nominasjonskomiteens liste ved valg til bispedømmeråd og Kirkemøtet. Støtter du/dere dette forslaget? \***

Ja

Nei

Vet ikke

Ingen mening

**11. Begrunnelse og andre merknader**

Den gjeldande obligatoriske ordninga med Nominasjonskomitéens liste kan gje to uønska effekter:

a) at ein utilsikta reduserer reelt demokrati, då listene ikkje er sett saman av kandidatar ut frå bestemte meiningar hos desse, men listene er breiddt sett saman, og veljaren risikerer å stemme på kandidatar vedkommande er sakleg ueinig med.

b) at denne lista vert favorisert, då den på sett og vis spring ut av den offisielle kyrkja og gjerne vert oppfatta som minst radikal og ikkje-kontroversiell.

Dei siste vala har óg vist at Nominasjonskomitéens liste på sett og vis er overflødig, då tilstrekkelege tal nomineringsgrupper har stilt lister som stettar krava.

Om ei slik liste ikkje vert obligatorisk, må ein likevel sjølvstøtt legge inn sikringsbestemmelser om at slik liste skal ligge føre dersom eit gitt minimum av andre lister ikkje vert lagt fram av nomineringsgrupper.

Vi merkar oss óg argumentet i høyringsnotatet om at ordninga med Nominasjonskomitéens liste vil vere meir ressurskrevjande å vidareføre.

**12. Kirkerådet foreslår å vidareføre ordningen med direkte valg til Kirkemøtet og bispedømmeråd. Støtter du/dere forslaget? \***

Ja

Nei

Vet ikke

Ingen mening

**13. Begrunnelse og andre merknader**

Dette sikrar reelt demokrati.

**Andre forenklinger i regelverket**

**14. Kirkerådet foreslår å fjerne muligheten til å stemme på personer som ikke har stilt til valg (tilføyde navn) ved menighetsrådsvalg. Støtter du/dere forslaget? \***

Ja

Nei

Vet ikkje

Ingen mening

**15. Begrunnelse og andre merknader**

Denne moglegheiten har i praksis berre ein symbolsk effekt. Likevel har den ein funksjon i at veljaren kan uttrykke evt. misnøye ved lista på ein synleg måte for valstyret og nominasjonskomité.

Likevel er dette ein funksjon som bør vere underordna omsynet til forsvarleg ressursbruk.

**16. Kirkerådet foreslår å videreføre ordningen med sperregrense på fem prosent av personlig stemmetall ved menighetsrådsvalg. Støtter du/dere forslaget? \***

Ja

Nei

Vet ikke

Ingen mening

**17. Begrunnelse og andre merknader**

Dette er ein sikringsbestemmelse som motvirker effekten av at relativt sett få veljarar gjer endringar på lista, og såleis vil få større innflytelse på valresultatet enn om ein ikkje har sperregrensa.

**18. Kirkerådet foreslår å videreføre ordningen med forholdsvalg (flere lister) ved valg av menighetsråd. Støtter du/dere forslaget? \***

Ja

Nei

Vet ikke

Ingen mening

**19. Begrunnelse og andre merknader**

Om det t.d. er særskilte «kampsaker» i ein kyrkjelyd som veljaren meiner ikkje eige syn ikkje vert ivareteke med kandidatane på Nominasjonskomitéens liste, vert dei demokratiske rettane svekka om moglegheita til å stille alternative lister fell bort.

**20. Kirkerådet foreslår å videreføre, men forenkle ordningen med supplerte kandidater av menighetsråd. Støtter du/dere forslaget? \***

Ja, jeg/vi ønsker å videreføre ordningen med forenklinger

Nei, jeg/vi ønsker å videreføre ordningen som i dag

Nei, jeg/vi ønsker å avvikle ordningen

Vet ikke

Ingen mening

**21. Begrunnelse og andre merknader**

Det er ei demokratisk styrke om ein kan supplere med kandidatar på listene.

Dette er også ei ordning som sikrar ein mekanisme for å få godkjente lister i tilfella der ein ikkje har ei godkjent liste som ligg føre.

## **Forslag til endringer i Kirkemøtets sammensetning**

**22. Kirkerådet foreslår å videreføre særskilt representasjon av prester i Kirkemøtet. Støtter du/dere forslaget? \***

Ja

Nei

Vet ikke

Ingen mening

**23. Kirkerådet foreslår å videreføre særskilt representasjon av lek kirkelig tilsatte i Kirkemøtet. Støtter du/dere forslaget? \***

Ja

Nei

Vet ikke

Ingen mening

**24. Har du/dere merknader til spørsmålet om særskilt representasjon av prest og lek kirkelig tilsatt? Begrunnelse og andre merknader**

Ordninga med særskilt representasjon av prest og lek kyrkjeleg tilsett kompliserer både førebuinga og gjennomføringa av valet.

Dessutan er det problematisk av demokratiske omsyn at desse gruppene veljarar har relativt sett vesentleg større innflytelse enn dei som har stemmerett på øvrige kandidatar.

Prestar og lek kyrkjeleg tilsette bør heller ha høve til å stille som kandidat på dei ordinære listene og ha stemmerett på linje med andre veljarar.

Det er vanskeleg å argumentere prinsipielt for særrepresentasjon av desse gruppene, spesielt i og med at prestetenesta er fast representert ved biskopens faste plass.

Det er ikkje usannsynleg at det vil vere eit relativt sett stort tal kandidatar prestar og lek kyrkjeleg tilsette som hamnar på desse listene. Dette kan ein motverke med listebegrensningar, t.d. at prestar og leke tilsette ikkje skal utgjere meir enn ein bestemt av listekandidatane.

**25. Hvis valg av prest og lek kirkelig tilsatt videreføres, støtter du/dere Kirkerådets forslag om å gjennomføre valgene som flertallsvalg heller enn preferansevalg? \***

Ja

Nei

Vet ikke

Ingen mening

**26. Begrunnelse og andre merknader**

Generelt kan ordninga med fleirtalsval gje uønska effekt på kandidatføringa, då denne ikkje i samme grad som ordninga med preferanseval gir ei kandidatføring meir i samsvar med veljaren sin intensjon, altså eit meir upresist valresultat.

Dog er dette ei nødvendig vurdering berre dersom ein vidarefører ordninga med særskilt representasjon.

**27. Kirkerådet foreslår å innføre en vektet representasjon fra hvert bispedømme i Kirkemøtet? Støtter du/dere forslaget? \***

Ja, jeg/vi ønsker at antall medlemmer i bispedømmet skal ha betydning for representasjon i Kirkemøtet

Nei, jeg/vi ønsker at det fortsatt skal velges sju medlemmer fra hvert bispedømme

Vet ikke

Ingen mening

## **28. Begrunnelse og andre merknader**

Det er eit demokratisk prinsipp at kvar stemme bør telje like mykje, uavhengig av kvar ein er busett.

## **29. Har du/dere andre merknader til Kirkemøtets sammensetning?**

Nei, ikkje ut over at ein bør gå bort frå ordninga med særskilt representasjon av prestar og lek kyrkjeleg tilsett.

## **30. Har du/dere andre merknader høringen?**

Kunngjering og opplysningsarbeidet rundt kyrkjevalet er lite tematisert i høyringsnotatet.

Særleg om tidspunktet for valet vert eit anna enn det offentlege valet, er det ei krevjande opplysningsmanøver som må til for å gjere kyrkjevalet kjent.

Om valet vert digitalt bør ein sjå på moglegheitene av å varsle veljarane direkte (t.d. med melding via Altinn eller SMS om mogleg) om at dei kan stemme ved kyrkjevalet – gjerne med direkte lenke til den tekniske avstemmingsløyisinga.

Lokal annonsering vil framleis vere avgjerande for å gjere valet kjent. Annonseringskostnadene er relativt store anten det er i eige kyrkjelydsblad eller kjøp av annonseplass. Det bør verte budsjettert med nokre direkte tilskotsmidlar til dei kyrkjelege fellesråda for å ta denne ekstra kostnaden.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vedtek kyrkjeverja sitt forslag som sitt høyringssvar i høyringa om rammer for kyrkjevalet.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek kyrkjeverja sitt forslag som sitt høyringssvar i høyringa om rammer for kyrkjevalet.

## SR 2024/39 OFFERLISTE FØRSTE HALVÅR 2025

### UTGREIING

Gjeldande offerliste går t.o.m. 01.01.2025 og må såleis verte forlenga.

Gudstenestelista for første halvår, t.o.m. pinsa 2025 er lagt.

Kyrkjelydsutvala er spurt 13.11.2024 om å setje fram forslag til offerliste for perioden.

Innkomne forslag er sett inn i tabellen.

Kyrkje	Dato	Tid	Dag	Offerformål
Askvoll kyrkje	19.01.202	17:00	Søndag	Norsk kyrkje i utlandet
Askvoll kyrkje	16.02.202	11:00	Søndag	Det Norske Bibelselskap
Askvoll kyrkje	05.03.202	19:00	Onsdag	Kyrkjebladet
Askvoll kyrkje	16.03.202	11:00	Søndag	Kirkens SOS
Askvoll kyrkje	17.04.202	18:00	Torsdag	Olset Bedehus
Askvoll kyrkje	20.04.202	17:00	Søndag	Askvoll kyrkje
Askvoll kyrkje	17.05.202	10:00	Lørdag	Leger Uten Grenser



Askvoll kyrkje	29.05.202	11:00	Torsdag	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	08.06.202	11:00	Søndag	Kyrkjelydsarbeidet
Bulandet kapell	19.01.202	10:15	Søndag	Kyrkjelydsarbeidet
Bulandet kapell	23.02.202	10:15	Søndag	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Bulandet kapell	23.03.202	10:15	Søndag	Kyrkjebladet
Bulandet kapell	20.04.202	10:15	Søndag	Bulandet kapell
Holmedal kyrkje	02.02.202	11:00	Søndag	Kyrkjelydsarbeidet
Holmedal kyrkje	02.03.202	15:00	Søndag	Evangeliesenteret
Holmedal kyrkje	30.03.202	11:00	Søndag	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	19.04.202	22:00	Lørdag	Ikkje offer
Holmedal kyrkje	03.05.202	11:00	Lørdag	Trusopplæringa
Holmedal kyrkje	17.05.202	11:15	Lørdag	Holmedal kyrkje
Kvammen kapell	05.01.202	11:00	Søndag	
Kvammen kapell	02.02.202	19:00	Søndag	
Kvammen kapell	02.03.202	11:00	Søndag	
Kvammen kapell	13.04.202	11:00	Søndag	
Kvammen kapell	27.04.202	11:00	Søndag	
Kvammen kapell	07.06.202	12:00	Lørdag	
Vilnes kyrkje	26.01.202	11:00	Søndag	
Vilnes kyrkje	23.02.202	15:00	Søndag	
Vilnes kyrkje	23.03.202	15:00	Søndag	
Vilnes kyrkje	20.04.202	15:00	Søndag	
Vilnes kyrkje	31.05.202	11:00	Lørdag	
Værlandet kapell	24.05.202	12:00	Lørdag	Værlandet bedehuskapell

## INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste t.o.m. pinsa 2025 som føreslege frå kyrkjelydsutvala.

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste t.o.m. pinsa 2025 som føreslege frå kyrkjelydsutvala.
2. Lista vert komplettert i e-posthandsaming snarast råd.

## SR 2024/40 Val av leiar og nestleiar for 2025

### UTGREIING

Det skal kvart år veljast leiar og nestleiar i sokneråd og kyrkjelege fellesråd etter regler om formene for menighetsrådets og kirkelig fellesråds virksomhet § 1, 3. ledd:

*Menighetsrådet/kirkelig fellesråd velger i det konstituerende møtet og senere hvert år blant sine medlemmer, leder og nestleder. Valget foregår skriftlig. Den som har vært leder i ett år, kan unnslå seg valg for det følgende år.*

Valet bør skje i god tid innan 1. januar kvart år.

Valet går føre seg som fleirtalsval, der det først vert valt leiar, og deretter vert valt nestleiar.

## INNSTILLING

Ingen

## MØTEHANDSAMING

Synnøve Melvær sette fram forslag om attval på Wenche Ness Gabrielsen som leiar og Terje Mork som nestleiar.

## AVSTEMMINGSRESULTAT

1. Wenche Ness Gabrielsen vart valt som leiar med 7 av 7 stemmer.
2. Terje Mork vart valt som nestleiar med 5 stemmer mot 1 blank og 1 stemme på Jarle Magnus Vilnes.